

## MØTEREFERAT

|            |  |
|------------|--|
| Tema:      | Ny landkommune, Restartsmøte   |
| Dato/Sted  | Storfjord Hotel, 09:30 til 12:00   |
| Møteleder: | Torbjørn Fylling, tidl. ordfører Ørskog kommune og tidl. leiar av styringsgruppa   |
| Referent:  | Erlend Krumsvik, Sunnmøre Regionråd IKS  |
| Fremmøtte: | Geir Inge Lien, varaordfører Vestnes kommune<br>Tone Roaldsnes, administrasjonssjef Vestnes kommune<br>Eva Hove, ordfører Stordal kommune<br>Lars Jordanger, kontaktperson kommunereformen Stordal kommune<br>Arne Sandnes, ordfører Norddal kommune<br>Torbjørn Fylling, tidl. ordfører Ørskog kommune og tidl. leiar av styringsgruppa<br>Karen Simonnes Aanes, Ordfører Ørskog kommune<br>Synnøve Vasstrand Synnes, rådmann Ørskog kommune<br>Dag Olav Tennfjord, ordfører Skodje kommune<br>Bente Glomset Vikhagen, rådmann Skodje kommune<br>Erlend Krumsvik, rådgjevar Sunnmøre Regionråd<br>Per Ivar Lied, rådgjevar Sunnmøre Regionråd<br>Ingvild Liadal, kommunikasjonsrådgjevar Sunnmøre Regionråd |
| Forfall:   | Tor Helge Stavdal, rådmann Norddal kommune<br>Anne Berit Løset, rådmann Stordal kommune  |
| Vedlegg:   |  |

### 1. Orientering om den gjennomførte utgreiinga av «Ny landkommune», og «stafettveksling» av Thorbjørn Fylling

Thorbjørn Fylling orienterte om utgangspunktet for etablering av kommunereformprosjektet «Ny landkommune», og det arbeidet som har blitt gjennomført.

Målsettinga var å lage ei landkommune som var robust nok, og som var eit alternativ mellom byane Ålesund og Molde.

Det har vore god involvering av både politisk og administrativt personale, og arbeidet har vore inndelt i fire arbeidsgrupper etter dei fire hovudmålsettingane i kommunereforma. Arbeidsmetodikken har vore SWOT-analyse, internt i eiga kommune og eksternt i den nye kommuna «Ny landkommune».

Den endelige rapporten har med arbeidet til dei fire arbeidsgruppene, samt oppsummering av det samla arbeidet. Rapporten har også eit vesentlig punkt for det vidare arbeidet, ved at deltakarane har identifisert utfordringspunkt. Dette bør danne diskusjonsgrunnlaget for det vidare arbeidet.

## 2. Status om kommunereforma.

5 min orientering om status i kommunereforma frå ordførar frå kvar kommune.

### Geir Inge Lien, ordførar i Vestnes kommune

Torsdag den 19. november gjorde Vestnes kommunestyre vedtak om å gå vidare mot å finne eit alternativ mot nabokommunar på Sunnmøre. Dette i tillegg til alternativ mot Romsdalen, og alternativ som eiga kommune. 28. januar blir det gjort endelig rettningsval.

Vestnes har satt ned forhandlingsutval.

### Karen Simonnes Aanes, ordførar Ørskog kommune

Ørskog kommune har to alternativ, Regionkommune Sunnmøre og Ny landkommune. Det har blitt gjort lite arbeid etter valet, men ein har deltatt på regionale samlingar – deriblant studietur til Danmark. Dette har «tent» arbeidet igjen. Det er viktig å vere rausa mot kvarandre, og finne fram til kva vi har felles.

Ørskog har nedsatt forhandlingsutval.

### Eva Hove, ordførar Stordal kommune

Stordal har utgreid fire alternativ, men ikkje gjort rettningsval. 16. desember er det mål om å redusere alternativa, ytterligare den 27. januar. Det er eit stort engasjement i kommuna om kommunereforma, men det er lite entusiasme. Kommune kjem til å fylgje den prosessen som det er lagt opp til.

Stordal har nedsatt forhandlingsutval, og vedtatt folkeavrøysting.

### Arne Sandnes, ordførar Norddal kommune

Kommunereforma har vore ei levande sak i Norddal lenge, og folket er oppdatert på kva dette handlar om. Det er stor interesse for saka, men lite entusiasme for den. Det er utgreid fleire alternativ, men både Regionkommune Sunnmøre og Indre Storfjord framstår som svake alternativ. Kommunestyret vil handsame rettningsval 25. november. Norddal vil vere lojale mot den framdriftsplanen som fylkesmannen har lagt til grunn.

Intensjonsavtalane bør ha rom for både samanslåing og samarbeid, der kanskje eit utvida samarbeid mellom nabokommunar framstår som meir attraktivt enn samanslåing.

Norddal vil handsame forhandlingsutval i kommunestyremøtet 25. november.

### Dag Olav Tennfjord, ordførar Skodje kommune

Skodje kommune har køyrt ein prosess med to hovedspor, Regionkommune Sunnmøre og Ny landkommune. Det har vore gode prosessar og god involvering, men ein saknar meir involvering av ungdom. Rettningsval vil bli gjort mot slutten av januar, truleg 27. januar 2016. Det er heller ikkje valt metode for å høre folket.

Skodje har nedsatt forhandlingsutval.

### 3. Diskusjon om vegen vidare

Restartsmøtet vart einige om å vidareføre arbeidet som ei «Sonderingsgruppe». Deltakarane i Sonderingsgruppa er kommunenes forhandlingsutval.

Som ny leiing av sonderingsgruppa vart det valt:

- Dag Olav Tennfjord, ordførar i Skodje kommune er valt som leiar
- Eva Hove, ordførar i Stordal kommune er valt som nestleiar

Koordinerande gruppe er vidareført:

- Tone Roaldsnes, rådmann i Vestnes kommune
- Synnøve Vasstrand Synnes, rådmann i Ørskog kommune
- Erlend Krumsvik, rådgjevar Sunnmøre Regionråd

Forslag til møtedatoar til Sonderingsgruppa:

- 16. desember Stordal kommune kl 08:30.
  - a. Koordinerande gruppe utarbeider forslag til møteplan/innhald
  - b. Utfordringspunkt
    - i. Arbeidsoppgåve til forhandlingsutvala er å jobbe gjennom utfordringspunkta for eiga kommune.
    - ii. Nye punkt sendast inn til [erlend.krumsvik@sunnmøreregionrad.no](mailto:erlend.krumsvik@sunnmøreregionrad.no)
- 5. januar
- 15. januar
- 22. januar
- 29. januar

Det kan vere fint å rullere møta mellom kommunane. Kanskje halvdagsmøter.

Koordinerande gruppe får fullmakt til å utarbeide forslag til møtetema/møteplan som blir handsama 16. desember 2015.

### 4. Eventuelt

Det er behov for e-postadresser til alle deltakarane i forhandlingsutvala. Rådmenn sender navn og epostadresser til [erlend.krumsvik@sunnmøreregionrad.no](mailto:erlend.krumsvik@sunnmøreregionrad.no)

Det vil også vere formålstenleg om Sunnmøre Regionråd IKS blir satt på kopilista til alle vedtak i kommunestyra som vedkjem kommunereforma. Sendast til e-postadressa overfor.

Møtet slutt 12:00